

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 12/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr: 351.47

## JAKTPRØVE – NORSK ENGELSKSETTERKLUBB / NORD AURDAL JEGER- OG FISKEFORENING

Norsk engelsksetterklubb og Nord Aurdal jeger- og fiskeforening søker om å få arrangere jaktprøve den 29. og 30. mars. Klubben har utgangspunkt på Villmarkstunet i Tisleidalen og søker om å få bruke terrenget innover mot Baklie, Fossheimstølen og tilliggjande område, eventuelt også mot Flyin.

Det var sendt ein liknande søknad i 2002. Søknaden vart sendt så kort tid før prøva at fjellstyret ikkje kunne styrebehandla saka.

Vi har godkjent ei vinterjaktprøve i sak 87/02. Denne jaktprøva blir arrangert av Norsk Irsksetterklubb den 22. og 23. februar.

### VEDTAK:

Rypestamma har vore låg i mange år og fjellstyret har ved ulike tiltak prøvd å spare stamma. Med bakgrunn i dette ynskjer ein ikkje meir belastning for rypestamma og finn ikkje å kunne godkjenne fleire søknader om jaktprøve.

Vedtaket er einstemmig .

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE  
2966 SLIDRE, den12.2.03

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Herdis Unneland, 2973 Ryfoss